

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 41
5914 Isdalstø

Dato: 30.01.2019
Vår ref.: 2019/882-2
Saksbehandlar: helmoe_
Dykkar ref.:

Fråsegn til søknad om dispensasjon frå LNF-føremål til frådeling av ny grunneigedom - Gnr 106 bnr 6 Fanebust - Lindås kommune

Vi viser til dykkar brev av 25.01. 2019 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyremakt innan kulturminnevern. Vi gjer merksam på at fylkeskommunen handsamar denne dispensasjonssaka berre med omsyn til interesser innan kulturminnevernet, og føreset at kommunen sjølv vurderer andre sider av saka.

Kva saka gjeld

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023 for frådeling av grunneigedom bygd med våningshus. Våningshuset, som er SEFRAK-registrert som nr. 1263-0004-022, er meldepliktig etter kulturminnelova § 25. Tiltakshavar bur i dag i en bustad like aust for det meldepliktige våningshuset. Det er per no berre søkt om dispensasjon i samband med ønska frådeling av arealet. I søknad om dispensasjon er det opplyst at heimelshavar på sikt har planar om å rive det meldepliktige våningshuset og føre opp ny bustad på ønska parsell.

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023 (KPA) er definert som LNF-føremål med omsynssone landbruk. Den nye parsellen vil ha tilkomst gjennom gardstun på hovudbruket. Frådelt parsell ligg i nærleik til driftsbygning på hovudbruket. Det er i dag ikkje aktiv landbruksdrift på eigedomen, dei drivverdige areala er pakta vekk.

Statens vegvesen har i vedtak datert 05.11.1987 gjeve avkøyrsløyve til den nye bustaden på eigedom gbnr 106/6. Kommunen opplyser at løyvet ikkje gjev informasjon om avkøyrsløye i høve til våningshuset som no er søkt frådelt.

Vurdering

Våningshuset som er søkt frådelt er i følge SEFRAK-registeret eldre enn 1850. I SEFRAK-registeret er ikkje byggjeår nærare tidfesta, men i følge opplysingar vi har funne fram til skal huset vere bygd omkring 1780, og ombygd i 1932 og 1942.

I søknaden skriv ansvarleg søkjar at ein vil komme attende til riving og etablering av ny bustad i eigen søknad, men gjer kommunen merksam på at ein allereie har starta «(...) dialog / planlegging av ei forsiktig riving for gjenbruk av eksisterande bustad».

Då søknaden om dispensasjon gjeld frådeling av ny grunneigedom, er det lagt ved særst lite dokumentasjon av bygningen. Det er naturleg nok heller ikkje lagt ved informasjon om kva som ligg i planen om «riving for gjenbruk av eksisterande bustad». Ut frå den informasjonen vi har om bygningen no, vurderer vi at den har

kulturminneverdi som bør takast vare på. I så høve rår vi kommunen til å leggje til rette for at bygningen blir ivareteke på staden, og ikkje blir reve for gjenbruk.

I ein eventuell seinare søknad om riving av våningshuset, er det særst viktig at kommunen legg ved ein grundig dokumentasjon av bygningen og av planlagte tiltak.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune rår til at Lindås kommune i samband med søknaden om dispensasjon frå LNF-føremål til frådelling av ny grunneigedom på gbnr. 106/6 Fanebust, legg til rette for at det gamle våningshuset på eigedomen blir teken vare på som ein bruksressurs på staden og sett i stand. Vi ber om å få sendt over vedtaket i saka for eventuell vurdering av klage, jf. Miljøverndepartementets rettleiar Kommuneplanens arealdel, T 1491.

David Aasen Sandved
kst fylkeskonservator

Helene Moe
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.